

Holbø

gnr. 147 og 148



Av Knut Raastad, oktober 2024



Holbø nordgard ca. 1930. Foto Hans Joramo, Vågå historielags fotoarkiv.

Holbø nordgard

Koppskatten 1645 nemnde Peder Holbøe og hans hustru. Han står også i skattelister frå 1610 til 1624 og var i 1624 eigar av garden. I 1659 var det skifte etter Peder Olufsen og kona Marit Andersdotter. Peder var eigar av heile garden 3 huder, og dette vart arva med 2 huder til sonen og 1 hud til dottera. Peder og Marit hadde 2 barn:

Anders, neste brukar
Imbjør

I 1666 var brukaren Anders Pedersøn f.ca.1649. Han var brukar av 3 huder, av desse var han sjølv eigar av 2 huder medan systera Ingeborg Pedersdotter var eigar av 1 hud. Anders var gift med Eli Knutsdotter Storvik s d.ca.1677 dotter til Knut Olsen Storvik f.ca.1580/1590 d.før 1664 og Ingebjørg Eriksdotter Helle f.ca.1585/1590 d.etter 1664. I 1676 vart det tinglese at Eli Holbø hadde kjøpt 1 hud i Holbø av Steinar Faukstad. Anders og Eli hadde 6 barn:

Peder f.ca.1660, truleg gift med enkje på systugu Austrem Torø Eriksdtr. f.Helle.
Knut
Ragnil
Imbjør
Marit
Rønne

Tosten Kleppe kjøpte i 1678 Holbø for 250 rd. frå barna til Anders. Torstein Knutsen Kleppe n. 1624-1700 var gift med Brit Tordsdotter Bjølstad f.ca.1624 d.1698, dei var på nordgard Kleppe og hadde 5 barn. Ved skifte i 1698 vart det nemnd eige av 3 huder i Holbø. Barn nr. 4 var Tjøstolv f.ca.1666 d.1724 og han har overteke nordgard Holbø for ved skifte i 1700 var det odelseige 3 huder i Holbø. Tjøstolv Kleppe var gift med Synnøve Persdotter Sandbu f.ca.1667 d.ca.1700 dotter til Per Amundsen Sandbu f.1639 d.ca.1681 og Kari Syversdtr. Håkenstad f.ca.1645 d.1683. Tjøstolv og Synnøve dei hadde 1 barn:

Torsten f.ca.1698 d.før 1724, g.m. Ingeborg Eriksdtr. Kvarberg ø d.etter 1724, til Rottem Tjøstolv vart gift på nytt med Barbro Jakobsdotter Austrem n f.før 1685 d.1740 dotter til Jakob Endresen Austrem og Randi Knutsdtr. Før 1711 overtok Tjøstel garden Valbjør. Tjøstolv og Barbro hadde 3 barn:

Berit f.1706
Randi, g.m. Stener Ryen
Ole f.1714

1711 Ole Holboe qvinde 3 børn

I 1719 var det skifte på Holbø etter Jon Tjøstelsen d.y. s. Kleppe f.ca.1665 d.ca.1718 son til Ingebjørg Jonsdtr. Kleppe f.ca.1628 d.etter 1702 og Tjøstolv Jonsen Helle f.1618 d.etter 1702. Det var ikkje eigarskap i Holbø i dette skiftet. Jon var gift med Kari Olsdotter, dei hadde 3 barn:

Jon f.ca.1708

Ingebjørg f.ca.1710

Rønnaug f.ca.1715

I 1726 var det skjøte på Holbø 3 huder for 420 rd frå Bendix Elvistian de fine til Hans Christophersen klokker på Vågå. Hans Christophersen lånte året etter 400 rd av Ole Tordsen Glimsdal, Lom, med pant i Holbø.

Skjøte 1734 frå Syver Olsen til Ole Jonsen Holbø på Holbø 3 huder for 693 rd, Peder Andersen fekk 10 rd. og Guri Knutsdtr. 5 rd for deira odelssett. Syver Olsen fekk føderåd. Anders Knutsen i Valdres protesterte på skjøtet og ville som rette odelsmann stemne på innløysing av Holbø.

I 1737 var det skjøte frå Ole Jonsen Holbø til Tosten Iversen Kleppe på nordgard Holbø 3 huder for 693 rd. Anders Knutsen selde i 1752 odelsretten sin til Tosten Iversen Kleppe. Tosten Kleppe kjøpte i 1743 Håkenstad, og ved salg av Holbø heldt han att Nettet som vart husmannsbruk til Håkenstad.

I 1745 selde Tosten Iversen Håkenstad som han da heitte, garden Holbø 3 huder til korporal Peder Halvorsen for 700 rd. I 1752 kjøpte Peder Halvorsen odelsretten til Dordi Pedersdtr. for 100 rd. Peder Halvorsen f.ca.1712 var gift med Ragnhild Christensdotter Aassaaren f.ca.1720, d.1787, dei kjøpte Sveine i Lom i 1762. Peder og Ragnhild hadde 8 barn:

Kristen f.1742

Kristen f.1744

Ola f.1746

Kristen 1748-1787, g.m. Barbro Larsdtr. Andberg 1753-1809. På Sveine og Staurustbakken Marit 1751-1835, g.m. Peder Olsen Austrem n. 1768-1836, til Veggum s.

Kristen f.1756

Rannei Marie 1756-1833, g.m. Trond Gunnarson Gaukstad 1748-1823. Til Vamsæter Magnus f.1760

I 1753 selde Peder Halvorsen garden til Anders Knutsen for 1467 rd for å sleppe prosess da Anders Knutsen fortsett hevda odelsrett. Anders Knutsen vart skuldig til Peder Halvorsen og pantsatte garden for kjøpesummen. Ved odelsløysing året ser det likevel ut til at Peder Halvorsen var rekna for å vera eigar, i alle tilfelle hadde han pant.

I 1753 selde Ole Siverson odelsretten til nordgard Holbø til bror sin Hans Siverson for 40 rd. Hans Siverson Løchen løyste i 1754 inn odelsgarden nordgard Holbø 3 huder og betalte 992 rd samt 168 rd til Peder Holbø og Tosten Håkenstad for forbetringane dei hadde gjort, Tosten Håkenstad heldt att skogen frå åsen ned til elva. Tosten Håkenstad betalte 1130 rd til Peder Halvorsen slik at han ikkje skulle ha noko tap. Hans Siverson lånte i 1754 1417 rd til innløysinga frå Ole Tjøstelsen Bårstad.

Ole Tjøstolsen Valbjør f.ca.1714 var son til Tjøstol Torsteinsen Kleppe Valbjør f.ca.1666 d.1724 og Barbro Jakobsdtr. Austrem n. d.1740. Ole vart 1748 gift med Marit Amundsdotter.

I 1744 fekk Ole Tjøstelsen skjøte på Bårstad, men hadde ikkje den garden lenge. I 1757 kjøpte Ole Tjøstelsen nordgard Holbø frå Hans Siverson Holbø for 1550 rd., han hadde tre år tidlegare lånt han 1417 rd. I 1765 kjøpte Ole Tjøstelsen odelsretten til Daardi Pedersdtr. for 400 rd.

Men så i 1769 selde og skjøta Ole Tjøstelsen garden til Ole Syversen som budde på Sørlien, han var bror til Hans Syversen, prisen var nå 1800 rd. Ole Tjøstelsen fekk krav på Ole Syversen på kjøpesummen med pant i garden. Grunnen til at Ole Tjøstelsen selde var at det var mange som hadde odelsrett.

Så i 1774 vart det inngått forlik slik at Hans Syversen Agerløyken selde Holbø attende til Ole Tjøstelsen for 1800 rd, Hans Syversen selde på vegne av dottera Anne og broren Ole Syversen, Hans var den same som Ole Tjøstelsen fyrst kjøpte garden av. Ole og Marit 2 barn:

Marit, neste brukar

Barbro f. ca.1758, ugift i 1790

Korporal Anders Andersen f.ca.1753 vart 1787 gift med Marit Olsdotter f.1749 d.1836. I 1790 vart han nemnd som sersjant Kraabøl. Anders og Marit var i 1801 gardbrukarar på nordgard Holbø, dei hadde 3 barn:

Ole 1789-1867, nese brukar

Marit f.1792

Hans 1796-1878, ugift, føderådsmann på Holbø

Ole Andersen overtok i 1808 Holbø 3 huder etter faren med skjøte for 1200 rd. I 1815 overdrog han halve garden 1 hud 6 skinn til broren Hans for 300 rbd. I 1825 var det baa som lånte 120 spd i Norges bank med pant i garden.

I 1860 vart nordgard Holbø skjøta over frå Ole Andersen til Paul Paulsen Holbø, brukaren på sygard Holbø, for 2000 spd. Syskjena til Ole, Hans og Marit var medunderskrivarar på skjøtet, og alle tre fekk føderådsbrev med pant etter 2000 spd. Paul Paulsen 1801-1882 var frå Frisvold systugu/nedre i Lom, son til Paul Johnsen Frisvold 1746-1831 og Rønnaug Jonsdtr. Vågåsar f.1757. Paul vart 1832 gift med Gunhild sygard Holbø 1806-1873 som fekk skjøte på sygard Holbø i 1830. Gunhild og Paul hadde 4 barn:

Rønnoug 1832-1832

Paul 1833-1833

Mari 1835-1914, g.m Johannes Christensen Fliki 1825-1904, på sygard Holbø

Rønnaug f.1837, neste brukar m. Johannes Moe

Rønnaug f.1837 vart 1859 gift med Johannes Mo f.ca.1836. I 1870 overdrog Paul Paulsen nordgard Holbø til Johannes Mo, kjøpesummen var 1450 spd pluss verdi av noko livrente. Johannes Mo var frå Kjøpanger, son til Anders Christensen Moe f.1794 og Imbjør Johannesdtr. Visdal f.1797. I 1865 var sparebankkasserar Johannes mo og familien i Kjøpanger, ved fødselar var dei på Holbø frå 1867. Heile familien reiste til Amerika. Johannes og Rønnaug hadde 7 barn:

Anne 1860-1863

Paul f.1862
Anne f.1865
Anders f.1867
Thor f.1869
Gunild f.1872
Christen f.1875

I 1876 var det skjøte på nordgard Holbø frå Johannes Mo til Paul Iversen Svenstad for 3300 spd. Paul Svenstad f.1840 var son til Iver Nilsen Haugen / Øigaarden 1806-1890 og Mari Paulsdotter Frisvold, Lom f.ca.1796 d.1875 som kjøpte Svenstad i 1860. Paul f.1840 vart i 1875 nemnd som gardbrukar og sjølveigar på Svenstad, men hadde ikkje skjøte. Paul Iversen vart 1880 gift med Randine Sofie Jensen 1857-1927 dotter til Johannes Jensen Viborg 1815-1898 og Karen 1824-1916 frå Tretten, i 1875 var dei på Stokstad. I 1902 var det føderådsbrev frå Paul Iversen til svigermora Karen Johannesdtr. Mo. Paul og Randine hadde 6 barn:

Mari f.1881
Karen 1883-1933, neste brukar
Rønnaug f.1886
Johannes f.1888
Iver 1893-1893
Iver 1894-1895

Karen Paulsdotter vart 1913 gift med Kristian Antonsen Staumshaugen, østre Gausdal f.1887. Dei overtok med skjøte i 1916 for kr 8120,- inkl. lausøre kr 3785 samt føderåd. Karen og Kristian hadde 3 barn:

Marit 1914-1930
Pål f.1917, neste brukar
Anton f.1924, g.m. Karoline Reitan

Kristian A. Holbø vart 1934 gift på nytt med Mari Johannesdotter Sveen f.1906.

Pål K Holbø fekk i 1935 auksjonsskjøte på nordgard Holbø for kr 10600,-. Pål var gift med Anne Lusæter, Heidal f.1915, dei hadde 1 barn:

Kjell Erling f.1939, neste brukar

Kjell Erling Holbø overtok etter faren i 1964. Han vart 1964 gift med Grethe Ingebretsen f.1939 dotter til Ivar Ingebretsen f.1908 og Inga Nielsen f.1909. Kjell og Grethe hadde 1 barn:

Erik f.1970

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Kleppe mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljningar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Jon Kolden: Bygdabok for Lom 2

Åsstad – Nettet – Håkenstadnesset

Tosten Iversen Kleppe var eigar av nordgard Holbø i åra 1737-1745. Han kjøpte Håkenstad i 1743, og ved sal av Holbø heldt han att Nettet som da vart husmannsbruk under Håkenstad.

Svend Knudsen 1770-1851 var son til Knut Svendsen og Ingri Hansdtr. d.1793 (ho vart ved skifte i 1793 nemnd som Prestgarden). Svend vart 1795 gift med Anne Hansdotter f.ca.1764 d.1849. I 1801 var dei husmannsfolk under Håkenstad, og det vart nemnd Nettet ved barnefødsjar frå 1799. Svend og Anne hadde 5 barn:

Ole f.ca.1792

Ingri f.1796

Brit f.1799

Knut f.1803, neste brukar

Anne f.1809

I 1842 var det skjøte til Knut Svendsen Nettet på Bringen sæter for 10 Spd. Ved skifte i 1859 etter Knut I Nettet vart sætra utlagt til sonen Iver Knutsen. Knut Svendsen f.ca.1802 d.1858 vart 1825 gift med Synnev Martensdotter Svendstad f.ca.1791 d.1868. Knut og Synnev var husmannsfolk under Håkenstad. Knut og Synnev hadde 4 barn:

Svend f.ca.1825, g.m. Rønnaug Ellefsdtr. Espe f.ca.1832

Anne f.ca.1827, g.m. Ole Johnsen Blessumeie f.ca.1828

Iver f.1831 d.1886, neste brukar

Ragnhild f.ca.1835, g.m. Frederik Frederiksen Stokstad

Iver Knutsen f.ca.1831 d.1886 var i 1865 og 1875 husmann med jord på Nættet under Håkenstad. Iver vart 1862 gift med Ingrid Hansdotter Randen f.ca.1831 d.ca.1875, dotter til Hans Knutsen Randen. Iver og Ingrid hadde 9 barn:

Marit f.1856

Ragnhild 1858-1874

Mari 1860-1865

Anne 1863-1865

Anne f.1865

Mari f.1866

Knut f.1868, g.m. Kari Hansdtr. Stadeløkken f.1865. Til søre Løken.

Hans f.1870

Ingrid f.1874

Iver vart i 1880 gift på nytt med Kari Sevaldsdotter Skjærstulen f.ca.1838 d.1894 dotter til Sevald Eriksen Skjærstulen.

I 1891 var det Anders Østensen Lande f.ca.1865 og familien som budde på det som vart kalla søre Neset. Anders var gift med Rønnaug Olsdotter Tøfte f.ca.1860, og i 1900 budde familien på Tøfte. Anders og Rønnaug hadde 10 barn:

Østen 1885-1977, g.m. Gunhild Olsdtr. Jesbrigtplassen 1887-1932, til Slettmo i Sel

Ole 1887-1973, g.m. Gunhild Olsdtr. 1893-1964. Til Nord-Dakota 1909, kom att i 1964 og gift på nytt i Vågå med Lillie Nora Nelson 1892-1973
Ingebjørg 1889-1983, g.m. Ole Hermundson Bolstad 1885-1963. Til Nord-Dakota 1912.
Mathias 1891-1892
Mathias 1893-1894
Anton 1894-1988, g.m. Gina Johnsdtr. Legun 1897-1972. Til Jellet
John 1896-1981, g.m. Gertie 1903-1986. Til Nord-Dakota 1920.
Knut 1898-1974, g.m. Rønnaug Garmosøygard 1903-1967
Ottar 1900-1969
Mari 1903-1990, g.m. Torstein Sandbugard 1903-1982

I 1900 budde det ikkje nokon i Neset.

Haagenstadaasen vart i 1925 frådelt frå nordgard Holbø og fekk nytt namn Aastad gnr. 147 bnr. 6. Det står da at parsellen for over ein mannsalder sidan vart fråseld frå Holbø, men det må ha gått mange mannsaldrar sidan 1700-talet.

I 1933 var det skjøte frå O P Haakenstad og hustru til Iver Mosebakken for kr 3000, i grunnboka var det påteikning om at Haakenstad hadde hjemmelen. Husa vart bygd på ny tomt, før stod husa lengst aust på jordet. Iver Mosebakken nedre, Heidal f.1894 var son til Hans Skriden 1866-1962 og Marit Mosebakken 1866-1924. Iver var gift med Rønnog Jonsdotter Kjeldløyken, Lam, dei hadde 2 barn:

Johan 1912-1998, g.m. Ella Sørlien 1907-1985
Hans 1914-1968, i Mosebakken

Iver vart 1921 gift på nytt med Karen Knutsdotter Bersveinstuen, dei hadde 7 barn:

Knut f.1922, neste eigar
Marit 1924-2006, g.m. Magnus Rindhølen øvre 1923-2003
Mathias f.1927, g.m. Astrid Bakken, Nord-Fron f.1932
Klara f.1929, g.m. Hans Randheim
Ingrid
Anne f.1937, g.m. Oddmar Hjelle
Kari

Knut Mosebakken f.1922 overtok i 1958. Han vart 1951 gift med Sigrun Marie Plassen 1929-1988 dotter til Anders Plassen f.1881 og Mari Lillesæter (Barflaten), Sel f.1887. Knut og Sigrun Marie hadde 1 barn:

Svanhild f.1958, g.m. Vidar Raubakken

Einar Mosebakken overtok etter onkelen i 1996. Einar Mosebakken f.1957 son til Mathias Mosebakken f.1927 og Astrid Bakken, Nord-Fron f.1932. Einar vart 1982 gift med Liv Kleven, Øyer f.1960 dotter til Nils Kleiven f.1924 og Sina Nersveen f.1922. Einar og Liv har 2 barn:

Elisabeth f.1978
Mads André f.1982

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Einar Mosebakken

Ola Håkenstad

Arnfinn Engen, 2011: Gards- og slektshistorie for Heidal, bind 1

Karin Tøfte: om Anders og Rønnaug Tøfte

Hagen – Nystugu – Nysveen

Knut Hansen var i 1865 og 1875 husmann med jord på Sveen under nordre Holbø, truleg var dette her. Knut Hansen Kleppeie f.ca.1825 d.1881 var son til Hans Olsen Jukulen. Knut vart 1848 gift med Marit Andersdotter Stokstadeie f.ca.1822 d.1891 dotter til Anders Poulsen Stokstadeie. Ved barnefødsler var Knut og Marit på Holbøseie frå 1850. Dei hadde 8 barn:

Anders f.1848

Marit f.1850

Ragnhild f.1852

Ole f.1854

Kari f.1856

Marit f.1859

Hans f.1862

Ymbjør f.1864

I 1891 var Sølvest Amundsen f.1848 frå Skjåk registrert som familiens overhovud på øvre Sveen som kan vera her. Sølvest var gift med Mari Larsdotter f.1863 frå Sør-Sveen dotter til Lars Paulsen f.1824 og Mari Iversdtr. 1840-1908. Sølvest og Mari hadde 2 barn:

Amund f.1885

Ragnhild f.1887

I 1900 var Ole Johannessen f.1857 husmann i Ny-Sveen, han var også landpostbud. Ole var frå nördre Sveen son til Johannes Andersen f.1823 og Ragnhild Iversdtr. f.1823. Ole var gift med Ingrid Knutsdotter f.1864, dei hadde 5 barn:

Rænnei f.1888

Knut f.1892

Ragnhild f.1895

Mari f.1897

Iver f.1900

Hagen gnr. 147 bnr. 2 vart i 1906 frådelt frå nordgard Holbø med skjøte i 1907 frå Pål Iversen Holbø til Hans J Sveen for kr 1400. Hans Johannessen Sveen 1860-1916 var bror til Ole som var der i 1900. Hans vart 1900 gift med Gunhild Hagen Teigen 1874-1959 dotter til Ola O

Teigen f.ca.1840 d.1920 og Ågot Johnsdtr. Hagen 1842-1920. Enkja Gunhild fekk tinglyst uskifte i 1916. Hans og Gunhild hadde 7 barn:

Mari f.1900

Anna f.1901

Ragnhild f.1903

Ola 1906-2006, neste brukar

Johannes f.1909, g.m. Ester Lusæter, Heidal 1923-2003

Marit f.1914

Helga f.1917

I 1952 var det skjøte frå Gunhild Hagen (Sveen) til sonen Ola H Hagen for kr 3000 samt føderåd verdsett til kr 3000.

Broren Johannes 1909-1990 gift med Ester Lusæter, Heidal 1923-2003 budde også i Nystugu/Hagen, dei hadde 2 barn:

Hans Even f.1948, neste brukar

Jens Erik f.1951

I 1979 var det skjøte frå Ola H Hagen til brorsonen Hans J Hagen f.1948. Hans var gift med Mildrid Kristiansen, Sør-Fron f.1952, der 1 barn:

Irene f.1972

Hans vart 1997 gift på nytt med Agnes Kleiven f.1947.

I 2020 fekk Magnus Valentin Hansen f.1984 og Sidsel Kristine Hansen f.1987 heimel til eigedommen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Seeiendom.no

Sveen nørdre

I 1746 var det kontrakt om bruken av husmannsplassen Sveen mellom eigaren av nordgard Holbø Peder Halvorsen og husmannen Knut Jacobsen Sveen. I 1763 selde Knut plassen Sveen til eigaren av Holbø Ole Tjøstelsen, han skulle ha 50 rd. for arbeidet med rydding og byggjing som han hadde gjort.

Jacob Andersen var brorson til Knut Jacobsen, og etter avtale i 1763 skulle Jacob og familien flytja frå. Jacob vart 1747 gift med Ingri Guttormsdotter f.ca.1713 d.1760. I 1795 mottok Eli Jacobsdtr. arv etter skifte på nordre Sveen i 1761. Jacob og Ingri hadde 3 barn:

Anders f.1750

Eli f.ca.1753

Anne f.ca.1757

Guttorm Hansen f.ca.1793 var i 1865 føderådsmann. Han vart nemnd i liste for husmannspengar til kyrkja i 1832-1834. Guttorm Hansen Holbøseie f.ca.1793 d.1866 var son til Hans Sveen. Guttorm Hansen vart 1828 gift med Anne Rasmusdotter Hagen f.ca.1790 f.1852. Guttorm og Anne hadde ikkje barn. Guttorm hadde med Ragnhild Olsdr. Felleseeie dottera

Mari f.1822

I 1865, 1875 og 1900 var Johannes Andersen 1823-1913 husmann med jord. Johannes var frå Sør-Sveen, son til Mari Johannesdr. Svenstadeie Sveen 1796-1877 og Anders Olsen Baarstadeie. Johannes Andersen Holbøeie vart 1848 gift med Ragnhild Iversdotter Kleppeeie 1823-1919 dotter til Iver Knutsen Kleppeeie. Anders og Ragnhild hadde 8 barn:

Anders 1845-1848

Iver f.1849

Anders 1852-1852

Guttorm f.1853, neste brukar

Ole f.1857, g.m. Ingrid Knutsdr. f.1864. Til Nystugu/Hagen.

Hans f.1860, g.m. Gunhild Teigen 1874-1959. Til Hagen.

Mari f.1864

Anne f.1866

I 1891 var Guttorm registrert som familiens overhovud i nördre Sveen. Guttorm var gift med Rannei Syversdr. Braaten f.1862 dotter til Syver Olsen Bråten ø f.1818 og Imbjør Pedersdotter Sønsteli f.1821. I 1900 var Guttorm og Rannei forpaktarar i Rugsveen og seinare kom dei til Stadelykkja. Guttorm og Rannei hadde 6 barn:

Anne f.1884

Ingebjørg f.1888

Mari f.1890

Johannes f.1893

Ingeborg f.1895

Syver f.1899

Anne f.1866 var gift med Paul Kristensen f.1872 som i 1900 var jordbruksarbeidar. Dei hadde 4 barn:

Mari f.1892

Kari f.1894

Johannes f.1897

Kristine f.1899

Nördre Sveen gnr. 147 bnr. 3 vart 1912 frådelt frå nordgard Holbø gnr. 147 bnr. 1 med skjøte frå Pål Svenstad Holbø til Johannes O Sveen for kr 2400. Sætra vart same året frådelt frå Holbø som gnr. 147 bnr. 4 med skjøte mellom dei same for kr 400. Sveamyren gnr. 147 bnr. 5

vart frådelt frå Holbø i 1921 med skjøte frå Kristian Holbø til Johs O Sveen for kr 2000I 1935 vart Sveen seld ved tvangsauksjon, men det var Johannes sjølv som i 1937 fekk skjøte for kr 3500. I 1910 var Johannes forpaktar. Johannes 1877-1957 var frå midtre Sveen son til Ola Sveen og Mari Lauvrusten f.1855. Johannes vart 1903 gift med Ingeborg L. Bolstadløkken 1872-1959 dotter til Mari Olsdr. Bolstadløkken f.1840. Johannes og Ingeborg hadde 6 barn:

Ola 1903-1990, neste brukar

Maria f.1906

Jon f.1908

Pål f.1911

Mari f.1913

Inga Johanne f.1916

Ola J Sveen var gift med Magnhild Kristiansen, Fåberg 1899-1992, dei hadde 2 barn:

Inger 1933-1979, g.m. Arvid Bakkeland, Østre Toten

Kåre Ivar f.1935, neste brukar

Kåre Ivar overtok etter besteforeldra i 1954 med skjøte for kr 14400 herav lausøyre kr 7000 samt føderåd verdsett til kr 2500.

Jon Runar Sveen f.1977 og Hege Rugsveen Sveen f.1979 fekk heimel til nördre Sveen i 2016. Jon Runar er soneson til Jon O Sveen f.1908

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Seeiendom.no

Myrhaug

Myrhaug gnr. 148 bnr. 7 vart frådelt frå nordgard Holbø i 1929 med skjøte frå Kristian Holbø til Anders K Braaten for kr 1700. Myrhaug II gnr. 148 bnr. 7 vart frådelt frå sygard Holbør i 1934 med skjøte i 1936 til Anders Myrhaug for kr 240. Anders 1893-1978 var son til Knut Bråten ø. 1872-1956 og Ragnhild Kleppeøygard 1874-1956. Anders vart 1924 gift med Gunhild Sæta 1906-1986, dei hadde 13 barn:

Knut 1923-1998, g.m. Klara Kobbersletten 1925-1982

Tea 1925-1994, g.m. Leif Gunnar Granheim

Simen 1928-1976, g.m. Margit Bakken, Lom

Ragnhild 1930-2018, g.m. Per Maurstad 1930-2019

Astrid 1933-2020, g.m. Kåre Jøndal 1928-2020

Gudrun 1934-2023, g.m. Anders Krokum 1932-2007

Ingrid 1937-2011, g.m. Kjell Brendemo

Reidun f.1939, g.m. Oddvar Tofthagen 1934-2021

Tora, g.m. Nils Moastuen 1940-2002
Arne 1942-2023, g.m. Solveig
Torolf 1945-2022, neste brukar
Ole 1946-2024, g.m. Kjellaug Valbjørsløkken f.1954
Alf f.1949, g.m. Liv Unni Plassen f.1949

Torolf tok over etter faren i 1975. Han vart 1969 gift med Eldrid Spakrud f.1950 dotter til Ola Spakrud f.1927 og Ingebjørg Kleiven, Lom f.1927. Torolf og Eldrid har 2 barn:

Åse f.1969, g.m. Rolf H Sveen, til Stokstad nistugu
Leif f.1971, neste brukar

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker
Karin Tøfte

Barlund

Barlund gnr. 147 bnr. 8 vart frådelt frå nordgard Holbø gnr. 147 bnr. 1 i 1946 med skjøte frå Pål Holbø til Johan Larsen for kr 300. Det vart bygd opp eit nytt bruk. Johan Larsen, Sør-Trøndelag 1899-1970 var gift med Maria Teigplassen 1897-1982.

I 1955 var det skjøte frå Johan Larsen til Gudmund Sanden for kr 30200, tinglysing av skjøte skjedde i 1958. Gudmund kjøpte også Nylykkja gnr. 145 bnr. 9. Gudmund Sanden f.1927 var son til Jo Jukulen f.1882 og Anne Sveen f.1886. Gudmund vart 1948 gift med Birgit Dagali, Rauland f.1923 dotter til Ola Dagali og Ingebjørg Ragnhildseter. Gudmund og Birgit hadde 4 barn:

Ole f.1949, neste brukar
Astrid f.1951, g.m. Odd Rindhølen
Ingrid f.1953, g.m. Kåre Aasheim
Jenny f.1954, g.m. Gunvald Johansen

Ole vart 1971 gift med Hild-Randi Nilsen, Vestvågøy f.1952 dotter til Ingvald Nilsen f.1919 og Solveig Kristiansen f.1930. Ole og Hild-Randi overtok Barlund og Nylykkja i 1991, dei har 3 barn:

Roar f.1973
Vidar f.1975
Wenche f.1982

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Holbø sygard

Knut Holbø står i skttelister frå 1610 til 1624 og vart i 1624 nemnd som eigar av garden.

Truleg var han far til

Ole f.ca.1599, neste brukar

Koppskatten 1645 nemnde Olluf Holbøe og hans hustru. I 1666 var brukaren Ole Knudsøn f.ca.1599. I 1668 dreiv han Holbøe på 4 huder, der han sjølv var eigar av 2 huder 9 skinn. Ole Knutsen var gift med Sofie Gundersdotter, ved skifte i 1676 ville dei behalde odelsgodset 2 huder 9 skinn uskifta på deira levetid. Ola og Sofie hadde 4 barn:

Knut f.ca.1633 d.etter 1700, neste brukar

Gunder f.ca.1646

Baard, hadde barna Ole Paul, Baard og Sophie

Marit, truleg mor til Østen Engelshuus

Knut Olsen Holbø var gift med Rønnaug Jonsdotter Kleppe s d.ca.1679 dotter til Jon Persen Kleppe. Rønnaug makeskifta i 1676 med Ingebjørg Valde slik at Rønnaug fekk 5 skinn i Holbø mot 5 skinn i Helle. Knut vart gift på nytt med Rønnog Endresdotter Austrem d.etter 1700. Knut og Rønnaug hadde 4 barn:

Ola 1670-1727, neste brukar

Jon, g.m. Marit Madsdtr. Storvik n. f.1687, til Storvik

Knut

Rønne f.ca.1668 d.1740, g.m. Anders Ivarsson Lyngve nordistugu f.ca.1671 d.1748

Ola Knutsen overtok etter faren og stemora i 1700, og skoskatten 1711 nemnde Oluff Knudsøn Holboe som brukar. Ole Knutsen fekk i 1721 skjøte på ca. 2 huder i Holbø frå syskjen og syskjenbarn. Ole Knutsen Holbø var gift med Rønnoug Olsdotter Sørem d.før 1719 dotter til Ola Jonsen Sørem f.ca.1649 d.ca.1704 og Kari Amundsdr. d.ca.1719, dei hadde 4 barn:

Knut f.ca.1701 d.1754, neste brukar

Ole f.ca.1710

Jon f.ca.1710

Iver f.1712

Knut Olsen Holbø fekk i 1728 skjøte på 9 skinn i Holbø frå brørne sine slik at han saman med sin arvelodd 3 skinn vart eigar av samla 1 hud. Knut Holbø var gift med Embjør Jonsdotter Kleppe s. f.ca.1700 d.ca.1738, dei hadde 4 barn:

Rønnoug f.ca.1727, g.m. Erich Christensen Schaarvangen

Jon f.ca.1729, g.m. Synnøve Erlandsdtr. Holen n.

Berit f.ca.1731, g.m. Siver Hollen

Kari f.ca.1734

Knut vart 1740 gift på nytt med Synne Stenersdotter, dei hadde 6 barn:

Hans f.1739

Peder f.1741 d.før 1754

Imbjør f.1742

Marit 1745-1756

Anne f.1749

I 1748 vart Holbø bortleigd i fem år frå Knut Olsen til broren Ole, sonen Jon og Jon Knutsen Storvik. Knut tok att føderåd i Mesveen. Etter dette hadde garden vorte teke for pantegjeld av Siver Jonsen Sve. Pantebrev for på 663 rd var frå 1735, og nytt pantebrev på 1000 rd frå 1742. I 1745 vart det innført i panteboka at Knut Holbø skulle betale 1059 rd til Siver Sve. I 1749 løyste Jon Knutsen Storvik inn att garden for 1100 rd og fekk skjøte. I 1751 lånte Knut Olsen 1310 rd av Pål Tofte for å kjøpe att Holbø 4 huder.

I 1752 selde Knut Olsen garden Holbø 4 huder til Knut Iversen Kleppe for 2000 rd. Knut Kleppe selde vidare same året til Hans Pålsen Tofte for 2000 rd. Året etter i 1753 vart det tinglese skjøte på at sonen Jon Knutsen Holbø hadde fått 500 rd for odels- og åsætesretten sin og lov til å bu på plassen Sveen så lenge han levde utan avgift.

Hans Pålsen Tofte 1725-1774 var son til Pål Simensen Tofte f.ca.1690 d.1765 og Kari Iversdtr. Kleppe n. f.1693. Hans var gift med Mari Olsdotter Tallerås f.1731, dotter til Ole Hansen Tallerås og Guri Torsteindtr. Hjelle, Dovre. Hans og Mari hadde 3 barn:

Poul f.1751, neste brukar

Guri 1754-1814, g.m. Tord Knutsen Kleppe f.ca.1748 d.1824 (han var fyrst gift med Barbro Simensdtr. Tofte f.ca.1750 d.før 1783)

Ole f.1863

Pål Hansen Holbø var gift med Kari Andersdotter Austrem s. f.1749 dotter til Anders Amundsen Austrem f.ca.1716 d.1754 og Kari Christensdtr. Aasaaren f.ca.1712 d.1789. Pål og Kari hadde 3 barn:

Kari, neste brukar

Mari 1784-1857, g.m. Johannes Andersen Sunde 1782-1820, til Austrem s.

Guri f.1787, g.m. Arne Syversen Klones d.1849

Kari Pålsdotter Holbø overtok Holbø 4 huder ved skifte i 1809 mot å betale 2300 rd til syskjena. Kari var gift med Tord Gulbrandsen Snerle d.1831, dei hadde både Holbø og Snerle. Kari og Tord hadde 12 barn:

Gulbrand 1801-1846, g.m. Kari Olsdtr. Slette 1801-1861, megarden Snerle

Kari f.1802, g.m. Ole Stokkestad

Mari f.1804, g.m. Hans Knudsen Stokkestad

Gunild 1806-1873, neste brukar

Kari d.y. f.1808, g.m. Iver Knudsen Stokkestad. Til Ulsletten.

Torø, g.m. Østen Pillervigen

Mari 1813-1813

Guri f.1814, ugift i 1839

Ingebjør f.1816, ugift i 1875, hadde sonen Thor Johannessen Holbø f.1847

Mari d.y. f.1818, g.m. Hans Hansen Svendstad f.ca.1813

Barbro 1821-1857, g.m. Anders Enersen Braaten f.ca.1831

Hans 1823-1824

Gunhild 1806-1873 fekk skjøte frå faren på Holbø i 1830. Gunhild vart 1832 gift med Paul Paulsen Frisvold systugu/nedre 1801-1882 frå Lom son til Paul Johnsen Frisvold 1746-1831 og Rønnaug Jonsdr. Vågåsar f.1757. Gunhild og Paul hadde 4 barn:

Rønnoug 1832-1832

Paul 1833-1833

Mari 1835-1914, neste brukar

Rønnaug f.1837, g.m. Johannes Moe

Mari 1835-1914 vart 1866 gift med Johannes Christensen Fliki 1825-1904 frå Luster son til Christen Christophersen Fliki f.1786 og Anna Jørgensdr. Aasen d.1829. I 1867 var det skjøte frå Paul Holbø til svigersonen Johannes Christensen Flike for 1500 Spd. Mari og Johannes hadde 6 barn:

Paul f.1868

Christen 1869-1953, g.m. Anna Harildstad 1871-1958

Anna f.1872

Gunnild f.1873

Kari f.1875

Thor 1877-1956, neste brukar

I 1900 var det skjøte på Holbø frå Johannes Flikki og hustru Mari Paulsdr. til sonen Tor Johannesen Holbø for kr 12000 inkl. lausøyre kr 6000 samt føderåd verdsett til kr 2500. Tor var gift med Ragnhild Stokstad m. 1893-1919 dotter til Ola Syversen Stokstad f.1861 og Anne Arnesdr. Mohn f.1862. Tor og Ragnhild hadde 2 barn:

Johannes f.1915, neste brukar

Mari f.1917, g.m. Arne Kleppe f.1920. Til Dammen.

I 1936 var det auksjonsskjøte til Vågå kommune for kr 33000. I 1938 var det skjøte frå Vågå kommune til Johannes Holbø for kr 38000. Johannes vart 1943 gift med Mari Veggum f.1920, dotter til Amund Veggum og Anne Bergsveinstuen. Johannes og Mari hadde 4 barn:

Ragnhild f.1947 g.m. Bjørn Rosten

Anne f.1948, g.m. Åge Kjeldløyken

Thor Amund f.1950, neste brukar

Arild f.1956

Thor Amund overtok i 1981. Han er sbm. Sidsel Berg, Sel f.1956 dotter til Oskar Berg f.1918 og Klara Dokken f.1918. Thor og Sidsel har 2 barn:

Erlend Johannes f.1981

Ane Elen f.1982

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Kleppe mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Jon Kolden: Bygdabok for Lom 1

Engebret Hougen, Årbok for Gudbrandsdalen 1950: Arv og ætt, eit arveskifte i Vågå i 1816

Jon Laberg, 1926: Luster bygd og ætter

Sveen midtre

Skoskatten 1711 nemnde husmannen Jørgen Hansen med kvinne og eitt barn. Det er ukjend om dette var i Mesveen eller Sør-Sveen. Sygard Holbø hadde i 1723 to husmannsplassar, på den eine sådde dei 1 skjepp bygg og på den andre ½ skjepp.

Ole Arnesen Sveen vart nemnd ved fødsel i 1739, i 1748 fekk han betalt 8 rd. for husa i Medsveen da Knut Olsen Holbø tok att plassen til føderåd.

I 1748 vart Holbø bortleigd i fem år frå Knut Olsen Holbø, Knut tok att føderåd i Mesveen. I 1752 selde Knut Olsen garden Holbø og i 1753 vart det tinglese skjøte på at sonen Jon Knutsen Holbø hadde fått 500 rd for odels- og åsætesretten sin og lov til å bu på plassen Sveen så lenge han levde utan avgift. Soldat Jon Knutsen Holbø vart 1751 gift med Synne Erlandsdotter, dei hadde 2 barn:

Imbjør f.1754

Erland f.1756

Anders Eriksen Sveen betalte i 1769 40 rd. til Hans Poulsen Holbø for å bruke plassen Mesveen, pengane får han att når han ikkje vil ha plassen lenger. Dette er nok kjøp av hus og oppdyrka jord, for viss han forbetrar hus eller jord skal han også ha for dette. Anders vart 1766 gift med Guri Olsdotter, dei hadde ikkje barn for i 1784 fekk syskjna hans arv etter han: Iver Eriksen, Jacob Eriksen, Erik Eriksen, Christen Pedersen. Anders vart nemnd i liste over husmannspengar til kyrkja frå 1776 til 1782.

Lars Christensen f.ca.1761 vart 1797 gift med Ragnhild Andersdotter f.1766. I 1801 var dei husmannsfolk under Holbø, truleg i Me-Sveen. Lars vart nemnd i liste over husmannspengar i 1805. Lars var son til Christen Nilsen Stade s. f.ca.1718. Ragnhild var truleg frå Svendstad dotter til Anders Olsen Svendstad f.ca.1713 d.1773 og Anne Andersdotter f.ca.1719 d.1779. Lars og Ragnhild hadde 1 barn:

Marit f.1797

I 1865 var Anne Knutsdotter fattiglem og føderådskone. Anne f.ca.1774 d.1866 vart 1800 gift med Jon Andersen f.ca.1766, i 1801 var han national soldat busett på Sandbu medan ho og sonen budde på Håkenstad. Jon og Anne hade 3 barn:

Anders f.1799, neste brukar
Gulbrand f.1801
Marit f.1803

I 1865 og 1875 var Anders Johnsen husmann med jord, han vart nemnd i liste over husmannspengar i åra 1832-1834. Anders f.1799 vart 1830 gift med Eli Ingebriksdotter Rottenseie 1808-187 dotter til Ingebrecht Rottenseie. Anders og Eli hadde 6 3 barn:

Mari 1830-1912
Marit f.1834, ho hadde barna
Anders Hansen f.1851, faren var Hans Olsen Braaten n. f.1830
Ole Hansen 1855-1939, faren var Hans Olsen Braaten n. f.1830, neste brukar
Marit Knutsdotter f.1868, faren var Knut Sversen Kleppeie Bergum s. f.1846
Anders Syversen f.1874, faren var Syver Syversen Braaten ø. 1853-1897
Else f.1836
Ymbjør f.1839
Anne f.1842, ho hadde sonen Johannes Simensen f.1864
John f.1844

Sveen midtre gnr. 148 bnr. 2 vart frådelt frå sygard Holbø i 1909 med skjøte frå Thor J Holbø til Ole H Sveen for kr 3000. Ola Hansen Holbøeie 1855-1939 vart 1877 gift med Mari Knutsdotter Tolstadeie 1854-1882 dotter til Knut Olsen Kleppeie. Ola og Mari hadde 1 barn:

Anders f.1880, g.m. Kari Andersdotter Bergdølmo, Heidal f.1892. Til Sveen ved Stokstad. Ola vart 1884 gift på nytt med Mari Johannesdotter Lauvrusten 1855-1937 dotter til Marit Knutsdr. Lauvrusten f.1826 og Johannes Johnsen. Ola og Mari hadde barn før fyrste ekteskapet til Ola, dei hadde dermed 7 barn:

Johannes f.1877-1957, g.m. Ingeborg L. Bolstadløyken 1872-1959, til nørre Sveen
Anne f.1886, g.m. Jo Jukulen f.1882. Til Sanden
Mari f.1887
Ola f.1889, neste brukar
Hans f.1892
Else f.1895
Anna f.1898

Mari hadde dottera

Mari Iversdotter f.1883

Ole hadde barna

Ragnhild f.1883, mora var Ingrid Jacobsdr. Kveen f.1848
Anders f.1883, mora var Ragnhild Knutsdr. Sveen f.1852

I 1918 var det skjøte frå Ole H Sveen og hustru Mari J Sveen til sonen Ola O Sveen for kr 2631 samt føderåd verdsett til kr 1250. Ola vart 1925 gift med Ragnhild O Stokstad. Ola og Ragnhild hadde 1 barn:

Hans f.1927, neste brukar

I 1964 var det skjøte frå Ola O Sveen til sonen Hans for kr 15000 inkl. lausøyre kr 6000 samt føderåd verdsett til kr 1500. Hans vart 1962 gift med Marit Fossen f.1928 dotter til Anton Fossen f.1883 og Mari Skurdal f.1890. Hans og Marit hadde 4 barn:

Ola Anton f.1963, neste brukar

Rolf Magne f.1964, g.m. Åse Myrhaug, til Stokstad nistugu

Liv f.1967

Håkon f.1969

Ola Anton overtok i 1994, han er sambuar med Anne Ekeberg f.1971 dotter til Kari Ekeberg, Larvik f.1946. Ola Anton og Anne har 1 barn:

Hans Martin f.1995

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Seeiendom.no

Sveen søre

Skoskatten 1711 nemnde husmannen Jørgen Hansen med kvinne og eitt barn. Det er ukjend om dette var i Mesveen eller Sør-Sveen. Sygard Holbø hadde i 1723 to husmannsplassar, på den eine sådde dei 1 skjepp bygg og på den andre ½ skjepp.

Ole Erlandsen Sveen vart nemnd i liste over husmannspengar til kyrkja frå 1776 til 1781

Hans Erlandsen f.ca.1750 d.1830 var i 1801 husmann under Holbø. Han vart også nemnd i liste over husmannspengar i 1782 og 1805. Hans var truleg son til Erland skreddar. Hans vart 1776 gift med Anne Jørgensdotter f.ca.1755, dei hadde 3 barn:

Mari f.1776

Eli f.1784

Erland 1793-1860, neste brukar

Erland Hansen Holbøeie vart 1827 gift med Mari Johannesdotter Svenstadeie 1796-1877, i 1875 var ho føderådscone. Erland vart nemnd i liste over husmannspengar i 1832-1834.

Erland og Mari hadde 1 barn:

Anne 1829-1862, neste brukar

Erland hade med Rønnaug Olsdtr. 1 barn:

Ole 1816-1818

Mari hadde med Anders Olsen Baarstadeie sonen

Johannes Andersen 1823-1913, g.m. Ragnhild Iversdtr. Kleppeeie 1823-1919, til nørdrø

Sveen

Anne Erlandsdotter Sveen 1829-1862 vart 1850 gift med Lars Paulsen Stokstad 1824-1901 son til Paul Larsen Stokstad nördre 1785-1836 og Mari Hansdotter Stade n. f.ca.1790 d.1846. Lars Paulsen Sveen f.1824 var i 1865 og 1875 husmann med jord. Lars og Anne hadde 1 barn:
Erland f.1851

Lars Paulsen Holbøssveen vart 1861 gift på nytt med Mari Iversdotter Ulsletten 1840-1908 dotter til Iver Knutsen Stokstad nedre. I 1900 var var Lars og Mari føderådsfolk i søre Sveen. Lars og Mari hadde 5 barn:

Paul 1859-1934, neste brukar

Mari f.1863

Kari 1867-1889

Iver 1877-1877

Iver f.1879

Mari hadde dottera

Mari Thorsdotter f.ca.1855

I 1900 var Paul L Sveen 1859-1934 forpaktar og jordbruksarbeidar, 1920 budde familien i Sør-Sveen og Pål var dagarbeidar. Pål kjøpte Steinarlykkja i 1919. Paul vart 1887 gift med Kari Jonsdotter Hageløkken 1865-1949 dotter til Jon Fredriksen. Paul og Kari hadde 3 barn:

Mari f.1887, hadde med Anton K Bråten sonen Kristian f.1919

Inga f.1901

Iver f.1908, til Steinarlykkja

Søre Sveen gnr. 148 bnr. 5 vart frådelt frå sygard Holbø i 1921 med skjøte frå Thor Holbø til Peder Nystuen for kr 12000. Peder leigde garden frå 1918. Per Iversen Nystuen f.1873 var son til Iver Olsen som da budde på Amundgard, mora var Anne Pedersdtr. Øverlien. Peder vart 1901 gift med Karen Olsdotter Bråten (ved Kongsrud) f.1874 dotter til Ole Olsen Moen 1834-1917 og Anne Olsdotter Kokkehaugen 1836-1907. I 1920 var Peder og Karen forpaktarar i Bråtå. Peder og Karen hadde 4 barn:

Ragnhild f.1900

Anna f.1901

Oleane f.1903

Ola f.1908, neste brukar

I 1930 var det auksjonsskjøte til Ole P Sveen for kr 7000. Ola vart 1936 gift med Ragnhild Bakken, dei hadde 6 barn:

Harald

Gudrun f.1938, g.m. Knut Fredriksen

Sverref.1944, neste brukar

Åse f.1946, g.m. Svein Skogum. Til Runningen.

Pål f.1948, g.m. Marit Josten

Ranveig f.1954

Sverre overtok etter faren i 1981. Han vart 1971 gift med Liv A Sanden f.1947 dotter til Asmund Sanden f.1917 og Ragna Teigen f.1921. Sverre og Liv har 1 barn:

Mona f.1975

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Seeiendom.no

Gjertrudnesset

Ole Olsen Gjertrudnesset var i 1865 og 1875 husmann med jord under sygard Holbø. Ole Olsen Sandbu f.1816 var son til Ole Olsen Stadeeie. Ole vart 1843 gift med Anne Andersdotter f.1817 dotter til Anders Olsen søre Raastadeie. Ole og Anne hadde 6 barn:

Ole 1842-1842

Mari f.1844, g.m. Hans Hansen Svenstad f.1843

Anders f.1846

Ragnhild f.1850

Ole f.1855

John f.1860

Gjertrudnesset gnr. 148 bnr. 3 med tilhøyrande sæter Sandånebben vart frådelt frå sygard Holbø i 1915 med skjøte i 1916 frå Tor Holbø til apoteker G J Lund for kr 3000.

I 1941 var det skjøte frå Erika Lund til Victor Mogens for kr 5000 inkl. lausøyre kr 500, også da var sætra med.

I 1952 var det skjøte på Gjertrudnesset med Sandånebben frå Victor Mogens til AS Allers Familie-Journal for kr 35000 inkl. lausøyre kr 10000.

I 1955 fekk Mathias Mosebakken f.1927 skjøte frå Allers for kr 1000, men da var ikkje Sandånebben med. Mathias Mosebakken frå Åstad var son til Iver Mosebakken, Heidal f.1894 og Kari Bersveinstuen f.1897. Mathias vart 1949 gift med Astrid Bakken, Nord-Fron f.1932 dotter til Jarmann Bakken f.1905 og Marie Martiniussen f.1911. Mathias og Astrid har 3 barn:

Kjell Ivar f.1949

Aud Marie f.1954, g.m. Viggo Ruud

Einar Magne f.1957, g.m. Liv Kleven, til Åstad

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker